



ULEFOSS ROTARY KLUBB

REFERAT FRA KLUBBMØTE

Dato	År	Referent
1. februar	2018	Liv Sonja Flolid

Desse møtte:

Svein Tore, Harald, Per S, Irene, Olav Gaute, Ola Vea, Per H, Einar, Jan, Knut, Kolbjørn, Egil, Odd, Asbjørn, Bardur, Olav Å og Liv Sonja.

Møtet var eit arbeidsmøte, der diverse tema vart tekne opp og diskutert.

Dagen i dag – 1. februar

Brigiddagen: Brigid av Kildare er en av Irlands nasjonalhelgener.

Navnedag: Birte, Bjarte

Dette skjedde 1. februar:

2003: Romfergen "Columbia" havarerte. Alle 7 ombord omkom.

1985: Grønland gikk ut av EF.

1981: Komponisten Geirr Tveitt døde.

1953: En sjettedel av Nederland ble satt under vann i en flomkatastrofe.

1951: Skuespiller og teatersjef Ellen Horn ble født.

1946: Ungarn ble proklamert republikk.

1931: Den russiske politikeren Boris Jeltsin ble født.

1910: Zoologisk museum i Oslo åpnet.

1908: Kong Haakon innstiftet Kongens fortjenstmedalje.

1561: Den britiske matematikeren Henry Biggs ble født.

Sitatet

– *Ingen kan være både klok og forelsket.* (Robert Herrick)

– *Det var ingen tvil, det var slik hun var. Hun narret april i februar.* (Herman Wildenvey)

Bardur heldt 3-minutteren. Han fortalte frå sitt tre veker lange opphald på Island, inkludert diverse evenement i allslags regi. Han deltok blant anna på to Rotarymøte på heimlassen Selfoss.

Saklista for kvelden:

- 1) Ungdomsutvekslinga v/Einar: Litt om Sara Sofia sitt program framover, med vintercamp på Nesbyen i Hallingdal no først. Der skal dei lære ski i alle variantar, og Sara Sofia har trent iherdig på langrenn for å ha eit lite forsprang på resten! Deretter er det Holmenkoll-helg med fullspekka program.
Einar orienterte om det formelle utvekslingssamarbeidet med Notodden og Bø. Det har alltid vore vanskeleg å finne vertsfamiliar, og slik har det også vore no. Derfor er det nok lurt med samarbeidet, slik at ein har eit større utval familiar å spele på.
Denne gongen var det mykje kluss med søknadsprosessen. Vi var litt seint ute med søknaden for vår opphavlege kandidat, og fekk beskjed om at no var det for seint å søke. Dermed blei søknaden droppa. Men så, etter seks månader, kjem det ny melding, nærast ut av det blå: Bø har funne ein kandidat, og me skal ta imot Sara Sofia!
Vår meining er etter dette at samarbeidet har vore uryddig. Spesielt er vi lite imponert over den rolla som distriktet har spela i denne prosessen. Vår klubb har no eit "friår", og me har tid til å evaluere og tenke over om korleis me vil fortsette. Fristar og tydeleg kommunikasjon er i alle fall alfa og omega!
- 2) Medlemsnettet: Korleis legge inn nye medlemmer og rydde opp i feil. Ola V orienterte og forklarte ...
- 3) Internett i klubblokalet: Det er teke kontakt med kommunen om saka. Det bør jo vere nett i 1. etasje, der Turistkontoret held til? **Nokon må snakke med nokon!** Ola V. går vidare med saka. Svein Tore anbefaler elles sin måte å løyse problemet på, med et modem med abonnement.
- 4) Ola V spurde om me skal annonsere i Ulefoss Kulturnettverk, eller gjere som no, og be med oss nokon når me har noko interessant på tapetet. Problemet vart overlatt til programkomiteen.
- 5) Workshop i Porsgrunn torsdag 8.februar: Irene og Ola V dreg, men nokon av dei nye medlemmene bør også vere med. Ta kontakt med Ola eller Irene.
- 6) Arkiv; Har me eit sådant, og i så fall – kor er det? Wenche Nyheim hadde den jobben i si tid. Kan ho ha noko liggande? Iver Juel veit kanskje om noko er gøymt på loftet i banken, og Lillian Nilsen har gjerne kunnskap

om noko? Per H har samla masse bilete m.v. elektronisk. Har Asbjørn noko? Me har to jubileumsbøker som er viktige å ta vare på. Svein Tore har eit skikkeleg arkivrom som er godkjent av myndigheter, med alt som skal til av kontroll av luftfuktighet osv.

- 7) Møtetida skal evaluerast. Det har gått tre år sidan me flytta klokkeslettet for møta frå 18.30 til 19.30. Diskusjonen gjekk litt fram og tilbake, men innkommande vil gjerne behalde den nye møtetida, mellom anna grunna arbeidstid, m.v.
- 8) Medlemsverving: Dei fleste som stod på lista er spurte. Me bør følge dei retningslinjer og prosedyrar me har i klubben. Hugs fadderrolla! Det er viktig at dei nye føler at dei blir godt tekne imot av klubben!
- 9) «Prosjekt Zanzibar» v/Irene: Nedenes rotaryklubb ved Arendal driv eit mor/barn-prosjekt som dei gjerne vil ha fleire med på. Dei vil svært gjerne komme til vår klubb og fortelle. Dei er velkomne! Me skal lytte, og i etterkant vurdere om me vil vere med.

Olav Gaute tok opprop for hyggekvelden 15. februar.

Per S vann vinen, og Per H fekk napp!